

Referat frå årsmøtet i Fitjar Grunneigarlag 2008

Det vart avhalde årsmøte i Fitjar Grunneigarlag (FG) onsdag 25 februar 2009 kl 1930-2100 på Cafe Annemor, Fitjar.

Leiaren, Tore Sigurd Fitjar, opna årsmøtet og ynskte alle velkommen.

Det møtte: 44 personar, desse representerte 89,19 i skyld inkl fullmakter.

Saker:

Leiaren viste til sakslista og foreslo å velja referent først. Dette var det ingen merknader til og leiaren foreslo då at sekretæren i laget, Nils-Andreas Brekke, vart valt til referent.

Samrøystes valt.

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Harald Rydland spurte om nye vedtekter til Jordskifteretten. Dette blir teke under årsmelding. Det var ingen andre merknader til innkalling og saksliste.

Innkalling og saksliste samrøystes godkjent.

2. Val av møteleiar

Lars Ove Rimmereide foreslo John Karsten Raunholm.
Gisle Levåg foreslo Tore S Fitjar.

Skriftlig avstemming med skyld.

John Karsten Raunholm	: 36,80 stemmer
Tore S Fitjar	: 50,02 stemmer

Tore S Fitjar vart valt ordstyrar.

3. Val av to personar til å underskriva protokollen

Forslag: Frode Kloster og Jon Tufteland.

Begge samrøystes valt.

4. Årsmelding

Leiaren presenterte årsmeldinga til styret inkl oppdatert jaktstatistikk. Leiaren fylte på med oppdatert informasjon om saker til årsmeldinga i 2009.

Kristian Skumsnes: 2 år sidan sviing ved Mosavatnet. I 2008 var det ved Midtvatnet.

Lars Ove Rimmereide: Forhåndstiltredelse blei gitt i 2009 og det bør presiserast.

Det var ingen andre kommentarar til denne.

Årsmeldinga samrøystes godkjent.



5. Rekneskap

Leiaren gjekk kort gjennom resultatrekneskap og balanse.
Han leste også opp revisjonsmeldinga.

Lars J Rydland: Eigenkapitalen har minka med mindre enn årsresultatet. Kvifor?
Svar frå revisorane. Årsresultatet er ført på feil plass i balansen. Tala stemmer.

Revisjonsrapport justert i samsvar med dette.

Resultatrekneskap, balanse og revisjonsrapport samrøystes vedteken.

6. Fastsetjing av godtgjersle til styret

Valnemnda ved Harald Rydland la fram fylgjande framlegg:

Ingen endringar frå i fjor

Styreleiar godtgjersle kr 13.000 ,- pr år.
Ordinære styremøter på kveldstid: kr 270,- pr styremedlem
Styremøter i arbeidstida: kr 260 ,- pr time.
Reisegodtgjersle etter statens regulativ.
Revisorgodtgjersle kr 600 ,- pr år

Framlegget vart samrøystes vedteke.

7. Orientering om avtalen med MV/FK

Nils-Andreas Brekke haldt ei orientering om status i årets arbeid med vindkraft. Presentasjonen er vedlagt referatet.

Lars Ove Rimmereid gav honnør til styret for å arbeida med reguleringsplanen og opplyste også om at ny vindparkar har ein kompensasjon på 3%.

Orientering vart deretter teken til vitring.

8. Val av styre

Harald Rydland leia gjennomføring av val.

Valnemnda tilrår at alle tillitsvalde står til nytt ekstraordinært årsmøte seinare i år. Ein reknar med at dette kan haldast innan september 2009.

Styremedlemmer på val:
Reidar Kloster
Nils-Andreas Brekke
I tillegg er Tore S Fitjar på val som leiar.

Valnemnda sitt framlegg samrøystes vedteke.

9. Val av styreleiar for eitt år

Ref sak 8.

Tore Sigurd Fitjar samrøystes valt.

Status Vindkraft

Orientering til Årsmøte i Fitjar Grunneigarlag onsdag 25 februar 2009

Status Midtfjellet Vindkraft sidan sist årsmøte

Konsesjon er på plass og endeleg etter anke og behandling i OED
Reg plan godkjent og bebyggelsesplan er hos FM til ankebehandling
OED har gitt forhåndstiltredelse ifm skjønn
Anbudsarbeid i gang. Kontraktar BA 1/4-09 og møller 1/5-09
Finansiering manglar. ENOVA sa NEI.

Arbeid i styret

Korrespondanse med FK/MV
Brev til eigarane 09.10.2008 og 16.09.2008
Deltaking på skjønnsak
Deltaking i Jordskiftesak som enkeltpersonar

Skjønnsak

Det heitaste temaet i forholdet til MV/FK sist år
MV/FK har ikkje akseptert den usikkerheita som ein usikker avtale med FG har vore.
Konsesjonsvedtaket gav rom for ekspropriasjon og den muligheita har MV nytta seg av
Førehandstiltreding er gitt frå OED

Skjønnsak forts

Styret har hevda sin rett etter vedtektene til å representere laget i skjønnsaka
9 medlemmer har kravd eigen representasjon i skjønnsaka
MV/FK har i skjønnskrevet tilbuttt same kompensasjon som i avtalen, men risikoen for eit dårlegare
utkomme er der
Mulighetene for reforhandling vert redusert

Skjønnsak forts

Avhalde to rettsmøte
Vi ventar no på retten si avklaring på vidare framdrift i saka

Reguleringsplan

Reguleringsplanen er godkjent, men her er ikkje styret verken fornøyd eller i mål.
Vi vil krevja møte med Fitjar Kommune for å få tilbake området utanom møller og vegar til
landbruksområde.

Jordskiftesak

Har vore gjennomført for å avklara eigedomsforhold
Framlegg til vedtak er ute i desse dagar
Jordskifteretten vil også setja nye vedtekter
Nytt rettsmøte 12.03.09

Sett. Tyn